



TUSSA

# Tertialrapport 1 2022



74

Driftsresultat (85)

70

Resultat før skatt (93)

296

Kraftproduksjon GWh (256)

354

Omsetning (333)

3 835

Totalkapital (3 146)

35

Eigenkapitalprosent (33)

Beløp i mill. kroner. Tilsvarende tal  
for 1. tertial 2021 står i parentes

# Rekneskap 1. tertial 2022

Rekneskapen for 1. tertial 2022 syner eit driftsresultat på 74,3 mill. kr (84,5) og eit resultat før skatt på 69,7 mill. kr (93,1). Omsetninga vart 353,9 mill. kr (333,2), totalkapitalen er 3 834,5 mill. kr (3 146,3) og eigenkapitalprosenten er 35,2 % (33,4). Netto finans syner eit resultat på -4,6 mill. kr (8,6). Tilsvarande tal for 1. tertial 2021 står i parentes.

Konsernet har ein reduksjon i driftsresultatet på 10,2 mill. kr samanlikna med tilsvarande periode i 2021. Hovudårsaka til reduksjonen i driftsresultatet er lågare kraftpris som gir lågare resultat innanfor kraftproduksjon. Tussa IKT AS og Mørenett AS har hatt ei positiv resultatutvikling samanlikna med 1. tertial 2021, medan Tussa Installasjon AS og Tussa Kraft AS viser lågare resultat enn i fjor.

Netto finans viser - 4,6 mill. kr for konsernet ved utgangen av tertialet. Dette er 13,2 mill. kr lågare enn på same tidspunkt i fjor. Hovudårsaka til reduksjonen i resultatet er lågare valutagevinst i samband med eurolån, og lågare auke i marknadsvardi på euroNOK rentebyteavtale enn for same periode i fjor.

Det er estimert 22 % skatt av selskapsresultata ved utgangen av tertialet. I tillegg er det estimert 13,0 mill. kr (14,9) i grunnrenteskatt. Skattekostnaden er 41 % av konsernresultatet før skatt, mot 38 % i 2021. Resultat etter skatt er 41,4 mill. kr, som er 16,5 mill. kr lågare enn ved 1. tertial 2021.

Totalkapitalen er 688,2 mill. kr høgare enn på same tidspunkt i fjor. Auken kjem i hovudsak som følge av samanslåinga med Energiselskapet Stryn, auka eigardel i Mørenett frå 46,34 % til 49,32 %, og at investeringane har vore høgare enn avskrivningane i perioden.

Investeringane er på 76,1 mill. kr (70,1), i hovudsak fordelt på nett med 30,8 mill. kr (31,5), IKT med 31,0 mill. kr (28,2), installasjon med 11,4 mill. kr (1,6) og produksjon med 2,8 mill. kr (8,2). Konsernet har fleire gode høve til lønsame investeringar.

## **ENERGI**

### **Kraftproduksjon**

Driftsresultatet for kraftproduksjon vart 32,5 mill. kr, som er 13,6 mill. kr lågare enn på same tidspunkt i 2021. Reduksjonen skuldast i hovudsak lågare kraftprisar.

Akkumulert kraftproduksjon vart 296 GWh (256,4 GWh). Produksjonen ved utgangen av tertialet var om lag 104 % av normalproduksjonen for perioden. Tilsiget hittil i år har vore 164 % av normalt. Magasinfyllinga ved utgangen av tertialet var på 33 %, som er høgare enn normalen for årstida. Vassmagasina i Norden har under normal fylling, men snømengda er over det som er vanleg for årstida. Hydrologisk balanse i Norden er om lag normal for årstida. Snøen er særskildt fordelte med mykje snø i midt og nord-Noreg.

Prisane på naturgass og kol har vore sterkt stigande, og det same har skjedd med CO<sub>2</sub>-kvotar. Marginalprisar for å produsere fossil kraft er omlag tredobla siste året og ligg mellom 170 og 187 øre/kWh. Gjennomsnittleg spotpris for NO<sub>3</sub> har vore 27,6 øre/kWh (35,7) i tertialet. Til samanlikning har systemprisen i perioden vore 117,3 øre/kWh og prisen i NO<sub>1</sub> (Søraust-Noreg) 160,7 øre/kWh.

Normalt vedlikehald er utført, og det har ikkje vore større driftsavbrot i perioden.

## **Kraftnett**

Tussa eig 49,32 % av det felleskontrollerte føretaket Mørenett. Tussa sin del av selskapet er difor konsolidert inn i Tussa sin konsernrekneskap.

Rekneskapen viser eit driftsresultat på 34,4 mill. kr (28,7), og eit resultat før skatt på 30,1 mill. kr (26,0). Hovudårsaka til auken i driftsresultatet er todelt: Tussa har større eigardel i Mørenett etter kjøp av Energiselskapet Stryn med påfølgjande sal av Brenett til Mørenett. I tillegg har Mørenett og nettselskapa generelt ei betre inntektsramme i 2022 enn i 2021. Selskapet jobbar med implementering av rutinar og prosessar for å effektivisere drifta ytterlegare, noko som er heilt naudsynt for å ha god lønsemd og oppnå gode resultat. Med stigande rentenivå for 3 md. NIBOR og høgare lånegjeld i forhold til 1. tertial 2021, har netto finanskostnadar for selskapet auka med 2,7 mill. kr til 8,6 mill. kr.

Den utførande aktiviteten i nettet har vore god dette tertialet. Selskapet har fleire store prosjekt under utføring, og kan spesielt nemne fornying og utviding av Giskemo transformatorstasjon. Giskemo er eit av dei mest kritiske punkta i Mørenett sitt forsyningsområde, og selskapet gjer investeringar med ei ramme på 200 mill. kr over ei periode på 5 år.

## **IKT**

Omsetninga for 1. tertial vart 86,5 mill. kr, og dette er ein auke på 9,4 % samanlikna med same periode i 2021. Driftsresultatet vart 13,3 mill. kr (9,9).

Forretningsområdet IT har hatt ei god utvikling innanfor IT-avtalar og konsulenttenester, men noko lågare omsetnad av handelsvarer. Dette har samla sett medført ein omsetnadsvekst innanfor forretningsområdet på 1,8 mill. kr samanlikna med 1. tertial 2021. Selskapet opplever ein aukande etterspurnad etter sky- og sikkerheitstenester, og skal difor tilsetje fleire nye medarbeidarar.

Forretningsområdet kommunikasjon hadde ved utgangen av tertialet ein vekst i omsetnaden på 5,3 mill. kr samanlikna med 1. tertial 2021. Hovudforklaringa til dette er meir sal av internett til både bedrifter og hushaldningar. Så langt er det levert fiber til 14 136 hushald og 965 bedrifter. Framover vil selskapet byggje ut resten av dugnadsområda, delta i konkurransar utlyst av NKOM og fortette utbygde felt. Det er framleis potensiale for å levere meir fiber til bedriftsmarknaden.

## **Installasjon**

Omsetninga for 1. tertial vart 65,2 mill. kr, og dette er ein auke på 9,6 % samanlikna med same periode i 2021. Driftsresultatet vart 0,1 mill. kr (1,4).

Auka omsetning kjem i hovudsak som følgje av stor aktivitet i prosjektmarknaden. I tillegg har selskapet god tilgang på serviceoppdrag både i privat- og næringsmarknaden. Basert på røynsler er resultatskapinga større i andre halvår enn i første, og det er forventet god aktivitet også mot slutten av året. Selskapet forventar å ha tilfredsstillande tilgang på arbeid i 2022. Det er signert fleire større kontraktar som skal ferdigstillast i 2022 og 2023.

## **Utsikter for 2022**

Den gjennomsnittlige kraftprisen på NordPool pr. utgangen av 1. tertial har vore knappe 9 øre/kWh lågare enn for same periode i fjor. Basert på marknadsprisar i mai, er det likevel forventa at ved slutten av året vil resultatet frå kraftproduksjonen vere på linje med fjoråret. Det må opplysast om at prisane observert i marknaden er svært usikre. I første tertial har den gjennomsnittlige prisdifferansen mellom NO1 (Oslo) og NO3 (Midt-Noreg) vore knappe 130 øre/kWh. I sør er kraftprisen sterkt påverka av prisen på gass, og i nord er stort innslag av vind den sterke prisdrivaren.

For dei andre forretningsområda er det forventa resultat noko betre enn fjoråret. Årsresultatet etter skatt for 2022 er difor forventa å bli noko større enn i 2021.

# Rekneskap Tussakonsernet

Tal i tusen kr

Resultat 1. tertial	2022	2021
Salsinntekt	142 168	130 354
Energisal	95 655	101 402
Nettinntekt	112 278	97 299
Anna driftsinntekt	3 774	4 142
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>353 875</b>	<b>333 197</b>
Varekostnad	43 305	41 387
Energikjøp og overføringskostnad	46 687	43 556
Lønskostnad	89 505	79 363
Anna driftskostnad	43 516	36 962
<b>Sum driftskostnad før avskr.</b>	<b>223 013</b>	<b>201 269</b>
EBITDA	130 862	131 928
Avskrivning/Nedskrivning	56 549	47 413
<b>Driftsresultat</b>	<b>74 313</b>	<b>84 515</b>
Netto finans	-4 580	8 631
<b>Resultat før skatt</b>	<b>69 733</b>	<b>93 147</b>
Estimert skattekostnad	28 349	35 254
<b>Resultat etter skatt</b>	<b>41 384</b>	<b>57 893</b>

Balanse 1. tertial	2022	2021
Anleggsmidler	3 535 695	2 922 641
Omløpsmidlar	298 825	223 636
<b>Sum egedelar</b>	<b>3 834 520</b>	<b>3 146 276</b>
Eigenkapital	1 351 021	1 051 539
Avsetning for forpliktingar	122 101	36 063
Langsiktig gjeld	2 016 515	1 761 650
Kortsiktig gjeld	344 884	297 024
<b>Sum eigenkapital/gjeld</b>	<b>3 834 520</b>	<b>3 146 276</b>

Resultat 1. tertial	Omsetning		EBITDA		Driftsresultat		Resultat før skatt	
	2022	2021	2022	2021	2022	2021	2022	2021
Kraftproduksjon	97 861	102 549	48 962	61 250	32 535	46 141	36 710	59 752
Nett	115 265	107 512	51 707	43 032	34 394	28 746	30 134	25 994
IKT	86 469	79 027	33 023	27 361	13 315	9 879	10 015	7 327
Installasjon	65 221	59 467	1 257	2 346	137	1 402	-157	1 392
Andre	11 538	10 261	-4 086	-2 061	-4 151	-2 206	-5 053	-1 872
Eliminering	-22 478	-25 620	0	0	-1 916	554	-1 916	554
<b>Sum</b>	<b>353 875</b>	<b>333 197</b>	<b>130 862</b>	<b>131 928</b>	<b>74 313</b>	<b>84 515</b>	<b>69 733</b>	<b>93 147</b>